

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
362.0	Knut Øyjordet	18.06.20	24/20

## REGLAR FOR GJERDING RUNDT FRITIDSHYTTER

### *Saksdokument:*

E-post frå Statskog av 27.05.20 til fjellstyret.

### *Saksutgreiing:*

Statskog har sett opp eit forslag til reglar for gjerde rundt fritidshytter i Langmorkje statsallmenning, og ønskjer at fjellstyret tek forslaget opp til behandling. I e-posten frå Statskog står det m.a. følgjande:

*Dagens praksis innenfor Langmorkje statsallmenning er at hyttefestere etter søknad kan få tillatelse til inngjerding på inntil 20 løpemeter. Dette gjør det mulig å gjerde inn det absolutt mest intime av de enkelte hyttetun. Gjeldende kommuneplan i Vågå kommune tillater inngjerding av fritidshytter på inntil 50 løpemeter. Statskog har siste år mottatt flere henvendelser fra hyttefestere om inngjerding av fritidshytter opp mot 50 løpemeter. Bakgrunn for de fleste henvendelsene er hensynet til beitedyr, spesielt økende antal storfe i enkelte områder. Det argumenteres med at 20 løpemeter ikke er tilstrekkelig, da den intime sone i noen tilfeller inkluderer både anneks, uthus og parkeringsareal i tillegg til hytte. Statskog er innstilt på å kunne tillate inngjerding på inntil 50 løpemeter etter søknad. Vi har inngått samme avtaler for statsallmenningene i Lesja og Dovre kommuner. Erfaringen er at reglene fungerer godt i praksis. Statskog ønsker at Vågå fjellstyre tar saken til behandling og vurderer om samme avtale kan praktiseres i Langmorkje statsallmenning.*

Forslaget frå Statskog er følgjande:

Etter søknad som Statskog og fjellstyret avgjør i fellesskap kan fritidsfester i Langmorkje statsallmenning tillates inngjerdet på følgjende vilkår:

1. Det kan gjerdes inntil 50 løpemeter gjerde, alternativt inntil 100 m2 inngjerdet areal. Gjerdet skal være festet i bygg på festetomta i minst en ende.
2. Rekkverk på terrasse/veranda som er godkjent etter plan- og bygningsloven regnes ikke med i antall meter gjerde/antall m2.
3. Det er kun tillatt å bruke gjerde av treverk, dvs. skigard, stakitt eller lignende. Trådgjerde av en hver art er forbudt ut fra dyrevernhensyn.
4. Maksimal lysåpning mellom bord på stakittgjerde/skigard er 7 cm. Gjerde kan være inntil 100 cm høyt.
5. Søknaden skal inneholde målsatt skisse som viser bebyggelsen og hvor gjerdet er tenkt satt, videre en begrunnelse for hvorfor areal ønskes inngjerdet.
6. Det skal sikres fri ferdsel for dyr og folk etter faste råk.
7. Gjerder som ikke er satt opp i henhold til disse regler vil bli krevd fjernet på festers bekostning.
8. Oppsetting av gjerder rundt fritidshytter i områder vernet etter naturvernloven forutsetter godkjenning fra vernemyndighetene.

Fjellstyret har i fleire samanhengar gjeve uttale ang. gjerding rundt fritidshytter, m.a. i enkeltsaker og i høyring av reguleringsplanar. I 2008 sette kommunen i gang ein prosess med å få fastsett retningslinjer for gjerding rundt fritidshytter i regulerte område. Fjellstyret gav følgjande uttale, etter å ha sendt saka på høyring til m.a. beitelaga:

*Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og meiner det generelt må vera strenge reglar for gjerding av fritidsbustader både i regulerte og uregulerte område. Dette av omsyn til beitedyr, den frie ferdsla, av visuelle omsyn og reint prinsipielt fordi dei aller fleste hytteeigarane i statsallmenning ikkje eig grunnen.*

*Fjellstyret meiner likevel det kan opnast for å kunne gjerde inn inngangsparti på hytter, samt veranda/platting. Dette er areal som det vil vera størst behov for å skjerme rundt ei hytte, både mot beitedyr og mot vær og vind. Det bør settast eit tak på slik inngjerding, gjerne på 20 meter. Slike gjerde må forankrast i hytteveggen, og må vera av tremateriale. Fjellstyret føreset at hyttefestarane sjølve har ansvar for vedlikehald.*

I eit brev frå Statskog til kommunen av 12.05.09 ang. reglar for gjerding, står det m.a. følgjande:

*Spørsmål om inngjerding av fritidsbebyggelse på statsallmenningsgrunn innebærer avveining mellom ulike interesser og rettigheter, der fjellstyret som organ for de bruksberettigede har stor innflytelse. Som grunneier må vi også avveie dette mot de klagemuligheter som ligger i gjeldende lovverk (Fjelleva).*

*Gjennom vår uttalelse til kommuneplan for Vågå 17.02.09 mener vi å ha gjort en grundig vurdering av spørsmålet om gjerding på fritidsfester, og gitt en begrunnelse for hvorfor vi har lagt oss på en streng praksis. Vi har her konkludert med følgende: «Vårt standpunkt til gjerding av fritidsbebyggelse er at dette ikke skal tillates for spredtliggende fritidsbebyggelse, slik det også er satt i vilkår om i våre standard festekontrakter. I områder som er regulert til hytteformål, kan vi imidlertid åpne for en begrenset inngjerding av inngangspartiet på hytta, slik vi har gjort gjennom planbestemmelsene for Lemonsjøen hytteområde. Her tillates et gjerde på inntil 20 løpemeter, som skal være festet til hytteveggen, eller evt. anneks/uthus. Vi mener de samme bestemmelsene også kan gjøres gjeldende for andre områder på statsgrunn i kommunen under forutsetning av at området er regulert til hytteformål. Når det gjelder enkelthytter som ligger spesielt utsatt til i forhold til beitedyr, vil spørsmål om inngjerding bli vurdert i hvert enkelt tilfelle, slik praksisen også har vært tidligere. I forståelse med fjellstyret er dette et standpunkt vi ønsker å opprettholde.*

Kommunen vedtok følgjande retningslinjer i 2010 etter ei omfattande høyring:

- *I regulerte område blir det opna for å gjerde inn inntil 50 løpemeter/50 m<sup>2</sup> pr. tomt.*
- *Gjerde skal vere mellom 0,9 og 1,2 meter høgt og skal vere festa i vegg i båe endar. Gjerdet skal utførast i trevyrkje og ha ei utforming og farge som harmonerer med bygningsmiljøet.*
- *Trådgjerde uansett type er forbode.*
- *Gjerde skal tilverkast slik at beitedyr ikkje kan kome til skade.*
- *Portal er ikkje tillate.*
- *Grind (-er) skal slå utover.*
- *Kryperom under terasser og veranda skal lukkast og haldast vedlike, slik at småfe ikkje kan koma innunder og setje seg fast.*
- *Stigar, råk og naturlege ferdselsvegar skal ikkje stengjast med gjerde eller grind.*

*Retningslinjene vert tekne inn i kommuneplanens arealdel (under revisjon), og vert innarbeidd i dei juridisk bindande føresegnene for kvar enkelte reguleringsplan gjennom oppfølgjande*

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*planrevisjon der dette spørsmålet er aktuelt. Føringar i medhald av plan- og bygningslova vil ikkje overstyre privatrettslege forhold mellom grunneigar/beiterettshavar og hytteeigar.*

Kommunen har etter dette vedteke desse reglane i både reguleringsplan for Lemonsjøen Fjellpark og Sjodalen Fjellgrend. Kommunen arbeidde med kommuneplanens arealdel i fleire år. I november 2015 vart forslag til arealdel 2015-2027 sendt på høyring. Ang. gjerding rundt hytter, så gav fjellstyret følgjande uttale:

*I forslag til retningsliner for inngjerding på hyttefeste, viser fjellstyret til tidlegare uttaler i spørsmål om gjerding på hyttefeste i statsallmenning. Fjellstyret meiner det kan opnast for å kunne gjerde inn inngangsparti på hytter, samt veranda/platting fordi dette er areal som det vil vera størst behov for å skjerme rundt ei hytte. Fjellstyret meiner det må setjast eit tak på 20 løpemeter i tillegg til rekkverk/gelender på veranda/platting.*

Kommuneplanens arealdel 2017-2027 vart vedteke av kommunestyret i august 2017. Det vart fastsett følgjande retningsliner for gjerde rundt fritidshytter, gjeldande hytter både i og utanfor regulert område:

*Det er tillate med inngjerding med inntil 50 løpemeter pr. tomt som omtalt under.*

- *Gjerde skal vera mellom 0,9 og 1,2 meter høgt og skal vera festa i vegg i båe endar.*
- *Gjerde skal utførast i trevyrke og ha ei utforming og farge som harmonerer med bygningsmiljøet.*
- *Gjerde skal tilverkast slik at beitedyr ikkje kan kome til skade.*
- *Portal er ikkje tillate.*
- *Grind(er) skal slå utover, og grind skal telje med i talet løpemeter.*
- *Kryperom under terrassar og veranda skal lukkast og haldast ved like, slik at småfe ikkje kan koma innunder og setje seg fast. Stengsel under veranda/terrasse skal ikkje reknast med i tal på løpemeter.*
- *Stigar, råk og naturlege ferdseisvegar skal ikkje stengjast med gjerde eller grind.*
- *Rekkverk/gelender på veranda/terrasse/platting skal ikkje telje med i talet løpemeter.*
- *Gjerde mellom nabotomtar kan ikkje koplast saman og gjerde kan ikkje settast opp nærare eigedomsgrense enn 2 meter, for å sikre fri ferdsel mellom hyttetomter. Det skal vere minst 4 meter mellom gjerde på nabotomter.*
- *Det er på uteplass/terrasse/veranda tillate å føre opp ein veggfast levegg med lengde inntil 4 meter og høgde inntil 1,8 meter. Det er ikkje tillate å føre opp leveggar utover dette. Levegg skal ikkje telje med i talet løpemeter gjerde.*

*Vurdering:*

Det har vore ulikt syn mellom kommunen og fjellstyret/Statskog i kor mange meter med gjerde det kan setjast opp rundt fritidshytter. Nå har kommunen gjennom retningslinene i kommuneplanens arealdel og i føresegnene for regulerte hyttefelt «lagt seg» på 50 meter, noko som også Statskog nå foreslår skal gjelde i Langmorkje. I statsallmenning er det Statskog som har «siste ordet» i søknader om gjerding, ved at hyttefestaren må ha løyve i forhold til festekontrakta. Mange hyttefestarar er nok ikkje er klar over dette. Enkelte kjenner til reglar som kommunen har fastsett i reguleringsplan og i kommuneplanen, og sett opp gjerde utan avklaring med Statskog. Både kommunen og Statskog har ein viktig «jobb» her med informasjon til hytteeigarane samt å «rydde opp» i ulovleg oppsette gjerde.

Å gje løyve til gjerding rundt hytter må primært berre skje der ein ønskjer å hindre husdyr mot å «klengje seg innpå», og spesielt i område med storfe, men også i område med mykje

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

sau. Å skjerme seg mot vær og vind bør også i enkelte spesielle høve kunne vera eit argument for å gjerde, men dette er ofte meir aktuelt knytt til verandaer på ei hytte. Å «verne seg» mot innsyn frå andre eller visuelle omsyn bør ikkje vera noko argument for å få løyve til å gjerde. I Langmorkje er omfanget av husdyr på beite ulikt frå område til område. Det er langt fleire beitedyr i Lemonsjøområdet og «heimover» enn i Sjudalen. I Hoskelie er det ikkje opna for beiting av husdyr sidan dette er eit område som ikkje inngår i noko beitelagsområde, og det er ikkje setrer her som det kan bli sleppt husdyr på beite frå.

Eit sentralt spørsmål for fjellstyret nå er å kunne akseptere ei moglegheit for å kunne gjerde inn inntil 50 meter rundt hytter. Kommunen har opna for det, og Statskog foreslår det. Generelt bør det fortsatt være strengt å kunne gjerde inn rundt hytter. Det må som nemnd ovafor, berre tillatast i område med beitedyr. Og kanskje er 20 meter i minste laget i område med mange beitedyr, og spesielt der storfe held til, som t.d. ammekuflokkar, som generelt kan gjera større skade og vera til større sjenanse enn sau. Fjellstyret bør difor vera open for å gå inn for reglane i kommuneplanen og i forslaget frå Statskog. Men endeleg vedtak bør skje etter ei høyringsrunde blant beitelaga og faglaga.

### **Innstilling til vedtak:**

Når det gjeld reglar for gjerding rundt fritidshytter, så viser fjellstyret til tidlegare vedtak og meiner det generelt må vera strenge reglar for gjerding rundt hytter både i og utanom regulerte område. Løyve til inngjerding bør berre skje i område med beitedyr, og unntaksvis også for å skjerme seg mot «vær og vind». Eit gjerde for å skjerme seg mot storfe må vera eit viktigare argument for inngjerding enn mot sau, men fjellstyret ser også behovet for å kunne gjerde inn område rundt ei hytte mot sau.

Fjellstyret registrerer nå at Statskog foreslår reglar som samsvarer med retningslinene i kommuneplanens arealdel og som allereie er vedteke for enkelte regulerte hytteområde. Dette gjeld spesielt å kunne akseptere lengde på gjerde opp til 50 meter. Fjellstyret er einig i at det vil vere ein stor fordel at kommunen og Statskog «opererer» med like reglar. Fjellstyret meiner difor at 50 meter med gjerde bør kunne tillatast rundt hytter i enkelte område der omfang av beitedyr på utmarksbeite er stort, og spesielt der det blir beita med storfe. Men før fjellstyret tek endeleg stilling til dette, vil fjellstyret sende forslaget på høyring til beitelaga og faglaga.

### **Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga, men med dette tillegget:

Fjellstyret meiner at eit gjerde rundt ei fritidshytte må vera festa i vegg eller veranda i båndendar.

*Rett utskrift. Går til:*

Statskog

Beitelaga i Langmorkje statsallmenning

Vågå Sau og Geit

Vågå bondelag

Vågå bonde- og småbrukarlag

*Kopi til:*

Kommunen

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no